



Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Fretheim Hotel, Flåm

Møtedato: 01.04.2011

Tid: 09:30

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 – Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

0930 Oppmøte

Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 11.2.2011

Handsaming av saker i Sogn regionråd

1200 Lunsj

1300 Prioriteringar og tiltak i Visit Sognefjord ved reiselivsdirektør Arne Glenn Flåten

1345 Arbeidsmarknadssituasjonen i Lærdal, regionale verknader og prosessar for å møte utfordringane ved rådmann Alf Olsen

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
6/11	11/1116-1 Årsmelding og rekneskap 2010
7/11	08/2674-10 Interkommunalt friluftsråd
8/11	11/1042-1 Reiselivsorganisering - forprosjekt
9/11	11/949-2 Omstillingsmidlar til Njøs Næringsutvikling.
10/11	10/3691-3 Samhandlingsreforma
11/11	11/363-3 Orienteringssaker 1.4.2011

Sogndal, 18. mars 2011

Torodd Urnes
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 11/1116

Arkiv: 210 &14

Saksnr.: Utval
6/11 Sogn regionråd

Møtedato
01.04.2011

Sak 6/11

Årsmelding og rekneskap 2010

Tilråding:

Sogn regionråd godkjenner årsmelding og rekneskap for 2010 slik den ligg føre.

Vedlegg:

Årsmelding og rekneskap for 2010

Saksutgreiing:

Årsmeldinga og rekneskapen for 2010 er lagt ved. Rekneskapen for Sogn regionråd er revidert som ein del av rekneskapen for Sogndal kommune.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 08/2674

Arkiv: C22 &85

Saksnr.:	Utval	Møtedato
15/09	Sogn regionråd	04.09.2009
7/11	Sogn regionråd	01.04.2011
Sak	7/11	

Interkommunalt friluftsråd

Tilråding:

Sogn regionråd tilrår at kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal og Vik etablerer eit interkommunalt friluftsråd som eit prøveprosjekt for 3 år.

Friluftsrådet vert organisert etter § 27 i kommunelova.

Etableringa føreset delfinansiering frå Friluftsrådernes Landsforbund og Sogn og Fjordane fylkeskommune i tillegg til medlemskommunane.

Vedlegg:

Forprosjektrapport av 18.1.2011

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer eit friluftsråd i fylket, og har etablering av interkommunalt friluftsråd både som ein strategi i Kulturstrategien for 2008-2011 og som eit tiltak i Fylkesdelplanen for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2010-2013. Fylkeskommunen har støtta utgreiinga med tilskot kr 120 000.

Vedlagt følgjer rapporten frå forprosjektet. Forprosjektet har kartlagt status og utfordringa i kommunane, vurdert organisering, definert arbeidsoppgåver, stillingsomfang og finansiering. Det er innhenta opplysningar frå frivillige lag og organisasjonar om det er interesse for eit regionalt friluftsråd.

Rådmannsgruppa er styringsgruppe for prosjektet. Rapporten vart drøfta i møte i rådmannsgruppa den 4. februar der prosjektleiar deltok. Prosjektleiar presenteret rapporten for regionrådet i møtet 11. februar.

Vurdering:

Prosjektrapporten viser til at friluftsråd er eit eigna verktøy for å styrke kompetansen og samarbeid om friluftsliv i regionen. Eit friluftsråd vil fungera som eit kompetansesenter i regionen og vil kunne skaffa eksterne midlar og slik vil fleire tiltak bli gjennomført i regionen.

Etablering av eit nettverk som eit alternativ til eit friluftsråd vil bidra til erfaringsutveksling, men vil ikkje i same grad vera eit organ for å gjera regionale prioriteringar og vil ikkje få tilført prosjektmidlar i same omfang som eit friluftsråd.

Dei fleste friluftsråda er formelt sett organisert etter § 27 i kommunelova og prosjektgruppa tilrår slik organisering. Dei fleste friluftsråda er sjølvstendige samarbeidsorgan og svært få har friluftsrådet som eit underutval til regionrådet. Årsmøte er det høgaste organet i dei fleste friluftsråda og dei har eige styre og ein dagleg leiar som driftar verksemda. Det er eige budsjett, arbeidsprogram, rekneskap og årsmelding. Administrasjonen tilrår at friluftsrådet vert oppretta som eit sjølvstendig organ etter § 27 i kommunelova utan kopling til regionrådet.

Forslaget til økonomisk løysing vil dekkja utgiftene til ein tilsett (dagleg leiar) til løns- og kontorutgifter. Dei fleste friluftsråd får betalt medlemskontigent etter tal innbyggjarar i kommunane. Prosjektgruppa føreslår ein fast medlemsavgift på kr 25 000 og kr 4 pr innbyggjar. I tillegg er det føreslått kr 25 000 til oppstartskostnader, nettside mv det første året.

Prosjektgruppa har tilrådd lokalisering i Leikanger. Administrasjonen meiner spørsmålet om lokalisering kan vurderast i etterkant av evt. tilslutting frå kommunane.

Administrasjonen er samd i tilrådinga frå prosjektgruppa om å etablere friluftsrådet som eit prøveprosjekt i 3 år med evaluering. Kommunane kan slik få høve til å vurdere om samarbeidet gjev dei positive effektane som var forventa og om det er aktuelt å vidareføra samarbeidet på permanent basis.

Nokre friluftsråd har fylkeskommunen som medlem, men dei fleste er eit samarbeid med berre kommunar. Fylkeskommunen har i vedlagde notat til rapporten lagt til grunn at deira rolle er å vera ein "fødselshjelpar" og på sikt ein samarbeidspart og økonomisk støttespelar.

Administrasjonen tilrår at samarbeidet vert eit reint kommunalt samarbeid. Friluftsrådet kan uansett vurdere dette seinare.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
 Arkivsak: 11/1042

Arkiv: U64

Saksnr.: Utval
 8/11 Sogn regionråd

Møtedato
 01.04.2011

Sak 7/11

Reiselivsorganisering - forprosjekt

Tilråding:

Sogn regionråd set i gang forprosjekt for eit felles reiselivsselskap. Det vert teke atterhald om at forprosjektet vert fullfinansiert.

Sogn regionråd set av kr 125 000 av regionale utviklingsmidlar for 2011 for å delfinansiera forprosjektet.

Vedlegg:

Prosjektplan - reiselivsorganisering

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane har samhandling som eitt av sju strategisk handlingsområde. For å nå måla i planen blir det peika på at "ein bør også ha kontinuerleg diskusjon rundt fellesfunksjonar i reiselivet og optimal samhandling for å løyse desse oppgåvene (rolledeling og organisering)".

Regionsenterkonferansen som vart arrangert i fjor haust med formannskapsmedlemene i dei sju kommunane munna ut i eit felles reisemålsselskap som eit av oppdraga til regionrådet. Vi har teke inn i tiltaksplanen for 2011 at vi skal bidra til eit felles reisemålsselskap i Sogn. Organisering av reiselivet var også ein av utfordringane frå fylkeskommunen i regionrådsmøtet 3. desember.

Reiselivsgruppa hadde møte den 9. mars for å drøfta oppstart av arbeidet med reiselivsorganisering. På møtet deltok Arne Glenn Flåten frå Visit Sognefjord og Ståle Brandshaug frå Høgskulen. Tema i møtet var fordeler og ulemper med eit felles reisemålsselskap, døme andre stader i landet, aktuelle aktørar undervegs i prosjektarbeidet og aktuell framdrift for eit forprosjekt.

Reiselivsgruppa konkluderte med å leggja fram sak for rådet som tek stilling til evt. oppstart av eit forprosjekt.

Sogn har sju lokale reisemålselskap/reiselivslag som representerer omlag 400 medlemsverksemder, 7-8 årsverk i faste stillingar og ei samla basisomsetning på omlag 11

millionar. Sesongtilsette, prosjektstillingar og –inntekter kjem i tillegg. Arbeidsoppgåvene til dei lokale reisemålsselskapa er oppfølgings- og utviklingsarbeid lokalt, drifta arrangement, turistinformasjon og sals- og marknadsføringstiltak.

Visit Sognefjord AS er oppretta og eigd av reisemålsselskapa og næringa og tek seg av felles marknadsføring. Visit Sognefjord er positive til at Sogn regionråd vil gjera eit slikt forprosjekt, og tilbyr seg å delta eller bidra til ein slik prosess.

Vurdering:

Eit forprosjekt vil synleggjera korleis både lokale og regionale oppgåver kan ivaretakast i eit regionalt selskap.

Administrasjonen rår til at Sogn regionråd startar opp eit forprosjekt som kartlegg dagens ressursbruk og aktivitetsnivå og som kjem med forslag til moglege regionale organisasjonsmodellar. Korleis den nye organiseringa ivaretek lokale og regionale oppgåver er sentralt. Ei slik utgreiing vil gje kommunane og næringa eit beslutningsgrunnlag til å avgjera om dei ønskjer å etablere eit felles, regionalt reisemålsselskap eller ikkje.

Sogn regionråd sitt bidrag vil vera å setja i gang eit forprosjekt og rådet vert prosjekteigar. Det er viktig med ein open og brei prosess. For å ivareta dette vil rådet evt. reiselivsgruppa saman med prosjektleiar oppnemna referansegruppe med sentrale aktørar og ressurspersonar i og gjerne utanfrå fylket.

Administrasjonen rår til at vi søker fylkeskommunen om kr 125 000 til gjennomføring av eit forprosjekt og at det vert sett av kr 125 000 av dei regionale utviklingsmidlane.

Konklusjon: Felles reisemålsselskap kan vera eitt av fleire virkemiddel for å auka lønsemda i reiselivsnæringa. Sogn regionråd sitt bidrag vil vera å starta opp eit utgreiingsprosjekt for å få vurdert andre måter å organisera reiselivet på. Vedlagt følgjer prosjektplanen som gir oversikt over m.a. mål, mandat, ressursar og organisering.

Vedlegg

Prosjektplan - reiselivsorganisering

Bakgrunn for prosjektet

Sogn regionråd ønskjer å bidra til eit felles reisemålsselskap i Sogn. Tiltaket kom som eitt av fleire oppdrag til rådet frå formannskapsmedlemmane på regionsenterkonferansen hausten 2010. Tiltaket er teken inn i rådet sin tiltaksplan for 2011.

Fylkeskommunen har også kome med innspel om at regionrådet kan sjå nærare på reiselivsorganiseringa i regionen. I reiselivsplanen blir det under eitt av dei sju strategiske handlingsområde - samhandling - peika på at ”ein bør også ha kontinuerleg diskusjon rundt fellesfunksjonar i reiselivet og optimal samhandling for å løyse desse oppgåvene (rolledeling og organisering)”.

Prosjekt mål

Målet med prosjektet er å auka lønsemda i reiselivet.

Mandat

Forprosjektet skal kartleggja dagens ressursbruk og aktivitetsnivå i reisemålsselskapa og koma med framlegg til ein eller fleire moglege, regionale organisasjonsmodellar som viser korleis lokale og regionale oppgåver kan løysast.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar: Sogn regionråd

Prosjektansvarleg/økonomi: Dagleg leiar i Sogn regionråd

Styringsgruppe: Sogn regionråd

Prosjektgruppe: Reiselivsgruppa i Sogn regionråd

Referansegruppe: Reiselivsgruppa i Sogn regionråd saman med prosjektleiar kontaktar aktuelle aktørar i og utanfrå fylket.

Framdriftsplan - milepælar

Startdato ca	Beskriving av aktiviteten	Ansvarleg	Sluttdato ca
1.4.2011	Vedta forprosjektplan og mandat	Sogn regionråd	1.4.2011
1.4.2011	Søkja om eksterne midlar	Dagleg leiar	15.4.2011
1.5.2011	Engasjera prosjektleiar	Dagleg leiar	1.6.2011
1.5.2011	Kartleggings- og analysefase	Prosjektleiar	1.10.2011
15.10.2011	Rapport frå forprosjektet	Prosjektleiar	1.11.2011
28.10.2011	Presentasjon i Sogn regionråd	Prosjektleiar	28.10.2011
1.11.2011	Sak til Sogn regionråd	Dagleg leiar	2.12.2011

Prosjektet vil ha fire overordna faser:

- 1) synleggjering av arbeidsoppgåvene innfor gjeldande organisering
- 2) forslag til modellar for regional organisering som ivaretek dei lokale og regionale oppgåvene
- 3) innspel frå næringa og kommunane på gjeldande og mogleg regional organisering
- 4) oppsummering og anbefalingar (rapport og presentasjon).

Økonomi og ressursbruk

<i>Finansieringskjelder</i>	<i>Sum</i>
Sogn og Fjordane fylkeskommune	125 000
Sogn regionråd	125 000
Sum	250 000

<i>Utgifter</i>	<i>Sum</i>
Prosjektleiing	230 000
Møte- og reiseutgifter	20 000
Sum	250 000

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 11/949

Arkiv: 223 &33

Saksnr.: Utval
9/11 Sogn regionråd

Møtedato
01.04.2011

Sak 8/11

Omstillingsmidlar til Njøs Næringsutvikling.

Tilråding:

Sogn regionråd løyver kr 200 000 av regionale utviklingsmidlar i 2011 til omstilling av Njøs Næringsutvikling AS.

Vedlegg:

Søknad frå Njøs Næringsutvikling AS av 1.3.2011

Saksutgreiing:

Sogn regionråd vedtok i møtet 8. desember 2006 å bidra med kr 200 000 til Njøs Næringsutvikling AS i 2007:

”Sogn regionråd er positive til å vere med å bidra til omstilling ved forskingsstasjonen på Njøs. Sogn regionråd øymerker inntil kr 200 000 av regionale utviklingsmidlar til dette tiltaket i 2007. Dersom finansiering elles går i orden er Sogn regionråd innstilt på å delta i resten av omstillingsperioden.”

Bioforsk la ned forskingsstasjonen på Njøs og flytta aktiviteten til Ullensvang i 2007, medan Graminor heldt fram med sin aktivitet på Njøs. For å halda på aktiviteten og kompetansen på Njøs vart alternative løysingar vurderte. Det vart stifta eit nytt aksjeselskap hausten 2007. Selskapet sitt føremål er å driva med rådgjeving, produkt/marknadsutvikling og å leie utviklingsprosjekt primært retta mot frukt og bær og andre prioriterte landbruksprodukt.

Saman med fleire andre bidreg Sogn regionråd med tilskot til selskapet i ein omstillingsfase. Føresetnaden er at nedtrappinga i dei offentlege bidraga vert kompensert med auka sal av tenester. Fylkeskommunen har vedteke å bidra med midlar i 5 år frå 2007.

Njøs Næringsutvikling AS ber om å få utbetalt tilskot på kr 200 000 for 2011. I budsjettet for 2011 er det sett av kr 200 000 av regionale utviklingsmidlar til Njøs Næringsutvikling as. Etter føringane i vedtaket den 8.12.2006 vil 2011 vera siste året rådet gir omstillingsmidlar til selskapet. Administrasjonen tilrår å løyve kr 200 000 i samsvar med føringane i vedtaket frå 2006 og budsjettet for 2011.



Sogn regionråd
Postboks 153

6851 Sogndal

Dykkar ref:

Vår ref.: 22/2011 SHH

Stad/Dato Leikanger 01.03.2011

Omstillingstilskot

Njøs næringsutvikling har hatt ei positiv utvikling sidan oppstarten i 2007, og dette er mykje takka vera den støtta som er gitt frå regionen. Sogn regionråd si støtte, som vart stadfesta i brev av 12.12.07 (dykkar referanse 06/1610-4), har hatt svært stor betydning under oppstarten av selskapet. I 2010 er det gjennomført investeringar i ulike typar dataprogram, og det er investert i nytt økonomisystem som ein forventar skal gje meir effektiv administrasjon og betre oversyn. Pr. 31.12.10 var det 6 personar fast tilsette i selskapet, og aktiviteten er i hovudsak i tråd med forretningsplanen.

Me ber om å få utbetalt kr. 200.000 i tilskot for 2011 i samsvar med dykkar vedtak om støtte. Tilskotet kan betalast inn på vår bank-konto 3705.11.96784.

Med tilskotet på kr. 200.000 i 2011 har Sogn regionråd oppfylt vedtaket om samla støtte. I det ein viser til telefonsamtale tidlegare i dag, ynskjer me å invitera Sogn regionråd til Njøs i samband med møtet den 16. september, slik at de kan få ei orientering om pågåande aktivitetar og kva me ser føre oss framover, og kor viktig Sogn regionråd sitt bidrag har vore for å realisera Njøs næringsutvikling AS. Nærare detaljar kring denne vitjinga kan me koma attende til.

Med helsing



Stein Harald Hjeltnes
(dagleg leiar)

Njøsvegen 5
6863 Leikanger
njos.no

Tlf. (+47) 57 65 60 63
Fax (+47) 57 65 60 85

Org. nr. 911 738 150 mva
Swift/BIC SOFJNO22
IBAN NO73 3705 11 96784

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 10/3691

Arkiv: G00

Saksnr.:	Utval	Møtedato
29/10	Sogn regionråd	03.12.2010
10/11	Sogn regionråd	01.04.2011

Sak 9/11**Samhandlingsreforma****Tilråding:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksutgreiing:

Helsegruppa drøfta i november spørsmålet om mogeleg etablering av eit interkommunalt samarbeid om samhandlingsreforma i Sogn regionråd og la fram to prosjektskisser til regionrådet. I møtet 3.12.2010 vart det vedteke at Sogn regionråd kjem attende til saka etter at Helse Førde har vore i kontakt med kommunane for å vurdera samarbeidsløysingar som følgje av vedtekne endringar i tenestetilbodet.

Det kan koma avklaringar frå sentralt hald i høve Samhandlingsreforma før møtet og regionrådsleiar set derfor saka på saklista til dette møtet.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 11/363

Arkiv: 065

Saksnr.: Utval
10/11 Sogn regionråd

Møtedato
01.04.2011

Sak 10/11

Orienteringssaker 1.4.2011**Orienteringar og drøftingar**

1. Helsegruppa, reiselivsgruppa, RUP-gruppa og samferdslegruppa
2. Rådmannsgruppa
3. Administrasjonen
4. Prioriteringar og tiltak i Visit Sognefjord ved reiselivsdirektør Arne Glenn Flåten
5. Arbeidsmarknadssituasjonen i Lærdal, regionale verknader og prosessar for å møte utfordringane ved rådmann Alf Olsen

Skriv og meldingar

1. Brev frå Sogn regionråd av 7.3.2011 til Samferdselsdepartementet om flyruter ved Sogndal lufthamn Haukåsen
2. Referat frå møte i samferdslegruppa 21.2.2011
3. Referat frå møte i reiselivsgruppa 9.3.2011



Sogn regionråd

Postboks 153 - 6851 SOGNDAL

Sakshandsamar:
Karina Nerland
Tlf: 57 62 96 14
Vår ref.
10/3033-4
Dykkar ref.

Dato
07.03.2011

Samferdselsdepartementet
postmottak@sd.dep.no

Flyruter ved Sogndal lufthamn Haukåsen

Vi viser til brev frå Sogn regionråd av 22.12.2010 og møte med departementet 11. februar.

Sogn regionråd ser med sterk uro på Transportøkonomisk institutt si tilråding til Samferdselsdepartementet om å leggja ned flyrutene Sogndal-Bergen. Flyrutene er viktig for næringslivet i dag og for utviklinga av regionen. Eit konkurransedyktig næringsliv må ha tilgang på kort reisetid. Regionen har fleire arbeidsplassar som har mykje reiseaktivitet og som er avhengige av gode flyruter, og at flyruta til/frå Bergen vert vidareført. Blant dei store offentlege arbeidsplassane har vi Direktoratet for forvaltning og IKT, NAV, Statens vegvesen, Statkraft og Vestlandsforskning for å nemna nokre. Det er venta at desse vil ha høg reiseaktivitet også i framtida. Særleg for dei regionale statsetatane er flytilbodet til/frå Bergen viktig fordi dei har stor reiseaktivitet over heile Vestlandet. Eit godt flytilbod er avgjerande for å oppretthalde regional organisering.

Flytilbodet er ein viktig føresetnad for nasjonalt og internasjonalt næringsliv i distrikta. Bortfall av fly til Bergen vil kunne true den regionale organiseringa av fleire arbeidsplassar.

Kommunane har saman med fylkeskommunen og Avinor bidrege med over 60 millionar for å oppgradera lufthamna. Sogndal lufthamn er no ei moderne og trygg lufthamn. Steget til ei 1200 meter rullebane er kort. Vi viser til høyringsfråsegna frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til departementet om at utviding av rullebanar til 1200 meter på greiast ut. Utvidinga må sjåast i samanheng med betra konkurransesituasjon på leverandørsida i framtidige anbodsrundar. Sogn regionråd meiner at departementet bør syte for å greie ut verknadene av ei utviding av rullebana på Sogndal lufthamn Haukåsen til 1200 meter. Sogn regionråd ønskjer å bidra til ei slik utgreiing, og Sogn og Fjordane fylkeskommune bør også involverast i eit slik arbeid.

Sogn regionråd meiner det er heilt avgjerande for utvikling av regionen at flytilbodet ikkje vert redusert slik TØI-rapporten foreslår. Sogn regionråd ber om at flytilbodet vert utvida slik vi har gitt innspel på med nattstasjonert fly og ettermiddagsavgang frå Bergen.

Med helsing

Torodd Urnes
leiar i Sogn regionråd
(sign)

Jarle Aarvoll
leiar i samferdslegruppa i Sogn regionråd
ordførar Sogndal kommune
(sign)

Kopi til: Gloppen kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune



Referat

Møte i samferdslegruppa

Motenummer: 1/11

Møtedato: 21. februar 2011

Deltakarar:

Referent: Karina Nerland

Jarle Aarvoll, Marta Finden Halset, Olav Lunden og
Karina Nerland (sekretær).

Anbod regionale flyruter

Jarle Aarvoll orienterte om møtet med samferdsledepartementet den 11. februar om flytilbodet og utforming av anbodsrutene frå 1.4.2012. Transportøkonomisk institutt foreslår å leggja ned flyrutene til Bergen frå dei andre flyplassene i fylket utanom Florø. Dagleg leiar lagar brevkast til departementet som grunnlegg behovet for vidareføring av flyruter Sogndal-Bergen. I tillegg vil vi visa til fråsegna frå fylkeskommunen til departementet om at rullebana bør utvidast til 1200 meter. Den går til utsending til ordførarane som får ein kort frist for tilbakemelding om evt. tilslutting.

Strekninga Vinje- Hella-Sogndal

Samferdslegruppa diskuterte vidare arbeid etter orienteringa frå vegvesenet i møtet 11. februar. Samferdslegruppa vil arbeida mot politisk nivå i departementet og fylkeskommunen for auka rammes til ruteområde 4C fram til rammene blir avgjort i 2013. Grunnleggving for å auka rammene til ruteområdet 4c og strekninga Vinje-Hella-Sogndal :

- er at store delar har dårleg vegstandard
- har eit høgfjellsparti som er utsett om vinteren
- er rasutsett
- er ein av få stamvegstrekingar utan halvtimesavgangar og nattferjer.



Sogn regionråd

Postboks 153 - 6851 SOGNDAL - Tlf: 57 62 96 14
www.sogn.regionraad.no

Referat

Møte i reiselivsgruppa

Møtenummer: 1/11

Deltakarar:

Sogn regionråd: Einar Målsnes, Olav Ellingsen, Marta Finden
Halset og Karina Nerland (sekretær).

Visit Sognefjord: Arne Glenn Flåten

Høgskulen i Sogn og Fjordane: Ståle Brandshaug

Møtedato: 9.3.2011

Referent: Karina Nerland

Felles reisemålsselskap er eitt av oppdraga Sogn regionråd fekk på regionsenterkonferansen i fjor haust. Deltakarar var m.a. formannskapsmedlemene i dei sju kommunane. Fylkesdirektør for næring gav innspel til regionrådet i møtet 3.12. om å sjå på reiselivsorganiseringa. Det er teke inn i tiltaksplanen for 2011 at Sogn regionråd skal bidra til eit felles reisemålsselskap.

I møtet vart oppstart av forprosjekt for felles reisemålsselskap diskutert. Stikkord for møtet var: Fordeler og ulemper med eit regionalt selskap, døme andre stader i landet, aktuelle aktørar undervegs i prosjektarbeidet og aktuell framdrift for eit forprosjekt.

Konklusjon: Reiselivsgruppa ber administrasjonen leggja fram sak for rådet slik at det kan bli teke stilling til evt. oppstart av eit forprosjekt.

Sogndal, 17.3.2011